



Åsane Byggmesterforretning AS
Hesthaugvegen 18
5119 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6463 - 23/44779

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.06.2023

Mellombels bruksløyve for heile tiltaket - gbnr 137/834

Administrativt vedtak: Saknr: 604/23
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Åsane Byggmesterforretning AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for godkjend tiltak på gbnr 137/834// på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket (Bygg 6 og 7 og parkeringskjellar)
2. Ferdiggattest skal liggja føre innan 15.08.2023.

Det er søkt om mellombels bruksløyve for resterande del av tiltaket, jf. mellombels bruksløyve for bygg 6 og parkeringskjellar gitt i vedtak datert 31.03.2023.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.11.2021.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
Følgjande arbeid står att: FDV-dokumentasjon av sluttrapport avfallsplan.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.08.2023.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 01.06.2023 og supplerande dokumentasjon mottatt 19.06.2023.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid slik at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Bygningstiltak:	Bustadblokk med adresse Kubbaleitet 84, 86, 88 og 90 Bustadblokk med adresse Kubbaleitet 92, 94, 96 og 98
Bygningsnummer:	300966189 300966216
Bruksareal:	746,7 m ² 1 005 m ²
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	0

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6463

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ

Mottakarar:

Åsane Byggmesterforretning AS

Hesthaugvegen 5119
18

ULSET